

**Sak 37-25 PLANPROGRAM TIL BUSKERUDPLANEN - HØYRING:****Bakgrunn:**

Buskerud fylkeskommune er no i gong med fase 2 i utviklinga av Buskerudplanen. I juni i 2024 gav Regionrådet innspel til første steg som var planstrategien, mens no er det planprogrammet som er på høyring. Planprogrammet skal konkretisere kva Buskerudplanen skal handle om, og korleis prosessen skal gjennomførast. Høyringsfristen er 27. juni 2025.

I maimøte drøfta Regionrådet om det skulle sendast inn regional høyringssvar eller om kvar kommune skal sende uttale. Det vart fatta slikt vedtak:

«Regionrådet sender inn ei kort utale frå Hallingdal. I tillegg kjem nokre av kommunane til å sende inn eige høyringssvar. Det regionale høyringssvaret kjem som sak i neste møte.»

Lenke til planforslaget finn de her: [Planprogram for Buskerudplanen – høringsutkast](#)

**Utkast til uttale:****Planprogram for Buskerudplanen  
Høyringssvar frå Regionrådet i Hallingdal**

Regionrådet for Hallingdal meiner det har vore god involvering så langt og ønskjer ein vidare prosess der både kommunepolitikarar, regionråd og administrasjon framleis bli tatt med på råd.

Regionrådet meiner planprogrammet skisserer gode og riktige satsingsområde i tråd med det som har vore drøfta på begge Buskerudkonferansane. Me vil poengtere at Buskerud bør ha ein ambisjon om å vidareutvikle særpreget og skilnadene mellom by og bygd og ta inn over seg at distrikta krev andre tiltak enn dei meir urbane områda i fylket. Fylket må gjennom sitt planverk legge til rette for, og støtte aktive distriktskommunar. Skal ein i framtida ha levande og livskraftige bygder, er det nødvendig med ein plan og ein politikk som legg til rette for og byggjer oppunder arbeidet kommunane gjer for å styrke distrikta. Her treng distrikta hjelp av både stat og fylke. Regionrådet for Hallingdal reknar med at me finn att dette i neste høyringsrunde.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet gir sender denne uttala innan fristen 27. juni

Hallingdal, 9. juni 2025

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar